

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
<b>Dato:</b>	09.10.2018
<b>Tid:</b>	10.00

### Program

Kl 10:00 -

- Inge Alvær orienterer om læreplassgaranti i Nordhordland
- Rapport frå elev- og lærlingombud Sigrid Isdal
- Saksbehandling

Til dette møtet har følgjande meldt forfall:

Anne Gine Hestetun - Tor André Ljosland stiller som vara.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roger Pilskog  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 40/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 41/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 29.05.2018	2018/679	
PS 42/18	Referatsaker (meldingar)		
PS 43/18	Ymse		
PS 44/18	Bruk av statlege midlar - arbeid med rekruttering av lærebedrifter	2018/14348	
PS 45/18	Rutine for tap av godkjenning for lærebedrift	2018/14853	

**PS 40/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**



Arkivnr: 2018/679-10  
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	41/18	09.10.2018

## Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 29.05.2018

### Forslag til vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 29.05.2018 vart godkjent.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Utval:** Yrkesopplæringsnemnda  
**Møtestad:** Nye Voss vidaregåande skule  
**Dato:** 29.05.2018  
**Tidspunkt:** 13:00 – 14:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Reprenter
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Roger Pilskog	Leiar	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Kristin Elisabeth H. Moer	Medlem	Lærlingrep.vara

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Reprenter
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Tom Knudsen	Nestleiar	NHO
Rita Jordal	Medlem	LO
Fredrik Øsleby	Medlem	Lærlingrep.
Roald Stenseide	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Reprenter
Tor André Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF

**Merknader****Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef/sekretær
Kristine Angelsen	Rådgevar
Janne Damba	Rådgevar

**Sakliste**

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 32/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 33/18	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 08.05.2018	2018/679	

PS 34/18	Referatsaker (meldingar)	
PS 35/18	Ymse	
RS 8/18	Internasjonale klassar søkbare i Vigo	2017/16713
PS 36/18	Gjennomgang av arbeidet med kartlegging av minoritetspråklege	2017/16713
PS 37/18	Lokal forskrift - fleksibilitet i fag- og timefordeling i videregående opplæring	2018/8642
PS 38/18	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2018	2016/4130
PS 39/18	Pilotprosjekt Bømlo - styrka samarbeid skule og næringsliv	2016/4130

## **PS 32/18 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

### **Vedtak**

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

## **PS 33/18 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 08.05.2018**

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

### **Vedtak**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 08.05.2018 vart godkjent.

## **PS 34/18 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

### **Vedtak**

Referatsak 8/18 vart tatt til orientering.

## **PS 35/18 Ymse**

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

### **Vedtak**

Kristine Angelsen og Janne Damba presentert forslag til nye rutiner for tap av godkjenning for lærebedrifter. Sak tas opp igjen i august.

Torbjørn Mjelstad presenterte drøftingsnotat som innspill til rapport frå elev og lærlingombod. Elev –og lærlingombodt kalles inn for å presentere rapport på møtet i august.

## **PS 36/18 Gjennomgang av arbeidet med kartlegging av minoritetspråklege**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sin plan for å sikre system for kartlegging og oppfølging av elevar med rett til særskilt språkopplæring.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sin plan for å sikre system for kartlegging og oppfølging av elevar med rett til særskilt språkopplæring.

## **PS 37/18 Lokal forskrift - fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg vidaregåande skole for skuleåret 2018.
2. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Olsvikåsen vidaregåande skole for skuleåret 2018.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

1. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Nordahl Grieg vidaregåande skole for skuleåret 2018.
2. Fylkestinget vedtar lokal forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune, 3-årig opplæringsløp til generell studiekompetanse innan utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag ved Olsvikåsen vidaregåande skole for skuleåret 2018.

## **PS 38/18 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) - løypemelding vår 2018**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

## **PS 39/18 Pilotprosjekt Bømlo - styrka samarbeid skule og næringsliv**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tek prosjektplan for pilotprosjektet på Bømlo til orientering.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 29.05.2018**

### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda**

Fylkesutvalet tek prosjektplan for pilotprosjektet på Bømlo til orientering.



**PS 42/18 Referatsaker (meldingar)**

**PS 43/18 Ymse**



Arkivnr: 2018/14348-1  
Saksbehandlar: Torbjørn Mjelstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	44/18	09.10.2018
Utval for opplæring og helse	89/18	16.10.2018

## Bruk av statlege midlar - arbeid med rekruttering av lærebedrifter

### Samandrag

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt møte i desember 2018 der det vart vedteke følgjande verbalforslag:

«I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkje fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttere fleire lærebedrifter er særleg trekt fram. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake snarast mogleg med forslag til korleis Hordaland sin andel av desse midlane skal disponerast.»

I statsbudsjettet for 2018 står satsinga omtalt slik:

«Regjeringa foreslår totalt 40 mill. kroner til styrking av yrkesfaga. Midlane vil blant anna gå til lektor 2-ordning for yrkesfag, rekruttering av nye lærebedrifter og hospiteringsordninga for yrkesfaglærarar. Delar av midlane skal gå til utvikling og drift av desentralisert yrkesfaglærarutdanning, 30 studieplassar innanfor desentralisert, nettbasert yrkesfaglærarutdanning og fem rekrutteringsstillingar.»

I denne saka vert det berre løyvinga som omfattar rekruttering av nye lærebedrifter, omtalt.

Fylkeskommunane har mottatt tildelingsbrev frå UDIR om midlar til arbeid med å rekruttere nye lærebedrifter. Midlane er knytt til oppfølging av Samfunnskontrakten for fleire læreplasser 2016-2020, og skal nyttast til oppsøkande arbeid for å rekruttere nye lærebedrifter. Tildelingsbrevet ligg vedlagt.

Tildelingsbrevet frå UDIR viser tydeleg kva desse midlane skal brukast til; oppsøkande arbeid for å rekruttere fleire lærebedrifter. Det er fylkesrådmannen si oppfatning at dette arbeidet best kan gjerast lokalt, i ein samarbeidsrelasjon mellom skule og arbeidsliv.

Fylkesrådmannen ser det som mest tenleg å styrkje ordningar som alt er sett i verk for å betre rekrutteringa av lærebedrifter. Fylkestinget har prioritert prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære», der bruk av såkalla yrkesfagkoordinatorar (YFK) er eit viktig grep. Det er viktig å konsentrere verkemidla om tiltak som ser ut til å ha effekt framfor å gjere nye forsøk med uviss verknad.

Fylkesrådmannen har følgjande framlegg til bruk av midlane:

Tiltak	2018	2019	2020	Totalt
Styrke YFK-prosjektet	1100 000	1100 000	1100 000	3300 000
Totalt	1100 000	1100 000	1100 000	3300 000

**Økonomi:** Tiltaket viser bruk av statlege øymerka midlar.

**Klima:** Ingen kjend effekt.

**Folkehelse:** Når fleire fullfører vidaregåande opplæring med fag- og sveinebrev, vil det ha positiv verknad for den enkelte, og i sum vil dette slå positivt ut på trivsel og helse i samfunnet.

**Regional planstrategi:** Tiltaket samsvarar godt med målsetjingar i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, særleg kap. 5, Dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa.

### Forslag til vedtak

- 1 Styrkje prosjekt «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» med 1,1 mill. kroner i 2018, 2019 og 2020. Totalt 3,3 mill. kroner. Fleire skular skal involverast i metodikken frå prosjektet, og det skal etablerast lokale nettverk. Styrkinga bør ha særleg merksemd retta mot region Stor-Bergen.
- 2 Fylkesrådmannen ber om at det vert utarbeidd ein plan for bruken av midlane og at det vert rapportert på bruken kvart år.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.09.2018

I Fylkestinget vart det i desember 2018 sett fram følgjande verbalforslag: *I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkje fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttere fleire lærebedrifter er særleg trekt fram. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake snarast mogleg med forslag til korleis Hordaland sin andel av desse midlane skal disponerast.*

I statsbudsjettet for 2018 står satsinga omtalt slik:

Regjeringa foreslår totalt 40 mill. kroner til styrking av yrkesfaga. Midlane vil blant anna gå til lektor 2-ordning for yrkesfag, rekruttering av nye lærebedrifter og hospiteringsordninga for yrkesfaglærarar. Delar av midlane skal gå til utvikling og drift av desentralisert yrkesfaglæruddanning, 30 studieplassar innanfor desentralisert, nettbasert yrkesfaglæruddanning og fem rekrutteringsstillingar.

I denne saka vert det berre løyvinga som omfattar rekruttering av nye lærebedrifter, omtalt.

Fylkeskommunane har mottatt tildelingsbrev frå UDIR om midlar til arbeid med å rekruttere nye lærebedrifter. Midlane er knytt til oppfølging av Samfunnskontrakten for fleire læreplasser 2016-2020, og skal nyttast til oppsøkande arbeid for å rekruttere nye lærebedrifter. Tildelingsbrevet ligg vedlagt.

Alle fylkeskommunane får tildelt 1,1 mil i 2018, 2019 og 2020. Til saman 3,3 mill. kroner. For 2019 og 2020 har direktoratet teke atterhald om budsjettbehandling. Løyvinga for 2018 er om lag 20 mill. kroner som skal fordelast på 18 fylkeskommunar. Direktoratet har valt ei «flat» fordeling, som betyr at alle fylkeskommunar får like mykje, uavhengig av størrelse eller del lærlingar.

Bakgrunnen for forslaget kan og sjåast i samanheng med Riksrevisjonens rapport om Styremaktenes arbeid med å auke tal læreplassar; Dokument 3:12 (2015-2016). Det vert i denne rapporten mellom anna peika på at mange bedrifter svarar at dei nok kunne tenkje seg å ta inn lærlingar, men at dei aldri vert spurde.

Hordaland fylkeskommune har over fleire år prøvd ut tiltak for å skaffe fleire lærebedrifter. I 2013 fekk mellom anna alle opplæringskontora kr. 30 000 for kvar ny lærebedrift dei fikk tak i. I 2014 og 2015 var det over statsbudsjettet løyvd 50 000 kr til nye lærebedrifter, utan at fylkeskommunen kunne sjå at desse tiltaka hadde nokon klår effekt. Parallelt med desse tiltaka har Hordaland hatt ei satsing på informasjon om ordninga, laga fleire filmar om lærlingordninga, arrangert Yrkes-NM, arrangert læreplasskonferansar og hatt samarbeid med partane i arbeidslivet gjennom Aksjon lærebedrift.

Hordaland fylkeskommune har mykje erfaring med å arbeide med rekruttering av lærebedrifter. Det er ikkje enkelt å trekkje fram eit spesielt tiltak som har hatt ønska effekt. Det ein ofte ser, er at det nok er ein miks av tiltak som verkar saman. Opplæring i bedrift er som kjent basert på eit samarbeid mellom partane i arbeidslivet og det offentlege. Det betyr også at det er frivilleg å delta i lærlingordninga. Mange bedrifter i Hordaland har lange tradisjonar med å drive med opplæring og rekruttere arbeidskraft via denne ordninga; det ligg inne som ein del av bedriftskulturen. Det er også eit faktum at bedriftskulturar, eigarstrukturar med meir har endra seg mykje dei siste 10 -15 åra, og vi kan tenkje oss at dette på sikt også kan setje desse tydelege tradisjonane under press. Om dette betyr noko for deltaking i lærlingordninga, veit vi ikkje, men det er ikkje usannsynleg.

2018 er markert som yrkesfaga sitt år. I samband med det ønskjer sentrale styresmakter at fylkeskommunane deltar aktivt i det som ein har kalla Aksjon læreplassjeger. Hordaland har meldt seg som eitt av fem pilotfylke. Vi har sendt signal om at vi ønskjer å satse på fag innan TIP-områda, Elektrofag og IKT. Innan alle desse områda har vi lang erfaring med at elevar ikkje får seg læreplass etter ferdig skulegang. Worldskills Norge, som står bak Aksjon læreplassjeger, har identifisert om lag 1000 bedrifter innan desse områda som kan ha eit potensiale for å verte lærebedrift. Alle desse bedriftene er blitt kontakta, med informasjon og ei oppmoding om å bli lærebedrift. Brev til bedriftene gjekk ut i siste halvdel av august.

Dette vil medføre ein del oppfølgingsarbeid i etterkant. Noko av dette arbeidet er tenkt lagt til dei seks skulane som er med i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære». Hordaland har ut 2019 fem såkalla yrkesfagkoordinatorar ved desse seks skulane. Noko av formålet med prosjektet er å setje skulane betre i stand til å bidra til at fleire ungdommar får prøvd seg i arbeidslivet. Då treng mellom anna skulane større og betre nettverk av bedrifter både for faget yrkesfagleg fordjuping, og for å sikre elevane lik mogelegheit til læreplass uavhengig av fagområde og skule.

Fylkesrådmannen meiner det er stor trong for å styrke dette arbeidet. Skuleeigar er tett på dei seks prosjektskulane, slik at dei kan utvikle lik praksis kring arbeidet med fleire læreplassar. Prosjektet har ein oppsett periode ut 2019, men suksessen i tiltaket er verd å ta vidare i alt arbeid med å sikre eit opplæringsløp der fleire fullfører. Fylkesrådmannen ber prosjektet sette opp ein plan for korleis ein kan auke trykket på å skaffe fleire læreplassar, og prosjektet vert bede om å levere årleg rapport om korleis arbeidet utviklar seg. Det er eit behov for at fleire skular vert involvert i det metodiske arbeidet som prosjektet har utvikla. Hordaland er eit samansett fylke der by og land har ulike utfordringar. Det er tydeleg at Bergen med omland er det mest krevjande området, både når det gjeld tal læreplassar i forhold til elevar og det faktum at mange bransjar slit med å rekruttere ungdom. I Bergen er del ungdommar frå 10. klasse som vel yrkesfag 33 % i 2018, medan det til dømes er 70 % i Nordhordland.

I det vidare arbeidet er utvikling av lokale nettverk sentralt. Det bør etablerast minimum tre slike nettverk i fylkeskommunen; eitt sør i fylket, eitt i indre delar av fylket og eitt knytt til Stor-Bergen. Slike nettverk vil både svare på utfordringane i nasjonal samfunnskontrakt 2016-2020 og fylkeskommunens eigen Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Målsetjingane i desse planane kan best nåast gjennom å utvikle lokale nettverk som har merksemd på å:

- Gje alle kvalifiserte søkjarar tilbod om læreplass ved at partane i arbeidslivet og fylkeskommunen forpliktar seg til å gjere fag- og yrkesopplæringa meir føreseieleg.
- Betre samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet lokalt slik at talet på elevplassar samsvarer med talet på læreplassar.
- Auke opplæringskapasiteten i arbeidslivet ved å få fleire bedrifter til å bli lærebedrifter.

Dei fem yrkesfaglege koordinatorane har starta arbeidet med å byggje nettverk, men arbeidet må styrkast, særleg retta inn mot Stor-Bergen, der både ein stor arbeidsmarknad og mange utdanningsinstitusjonar gjer at det er vanskeleg for aktørane å orientere seg. Fylkesrådmannen er av den oppfatning at hovudsatsinga på bruken av desse statlege midlane bør rettast inn her.

Saksbehandler: Knut Maarud

Vår dato:  
05.05.2018  
Deres dato:Vår referanse:  
2018/10062  
Deres referanse:

Fylkeskommunene

**Tilsagnsbrev - midler til arbeid med rekruttering av lærebedrifter**

Utdanningsdirektoratet har i tildelingsbrev og supplerende tildelingsbrev fra Kunnskapsdepartementet fått i oppdrag å fordele til sammen 20 mill. kroner til fylkeskommunene. Midlene er knyttet til oppfølging av Samfunnskontrakten for flere læreplasser 2016-2020, og skal benyttes til oppsøkende arbeid for å rekruttere nye lærebedrifter. Direktoratet har diskutert hvilken fordelingsnøkkel som skal benyttes med Fylkesutdanningssjefenes kontaktutvalg. Ut fra diskusjonen har direktoratet valgt en flat fordeling av midlene. Det betyr at hver fylkeskommune etter søknad vil kunne få utbetalt

**Kr 1.100.000,-**

Av supplerende tildelingsbrev framgår det at midlene skal tildeles hvert år til og med 2020. Det tas forbehold om endringer som følge av budsjettbehandling.

**Utbetaling**

Vi ber om at fylkeskommunen sender EHF-faktura pålydende kr. 1.100.000,- til Utdanningsdirektoratet innen 01.06.2018. Vårt organisasjonsnummer er 970 018 131

Faktura skal merkes med 4070KMA

Direktoratet ber om en kort rapport som beskriver iverksatt tiltak og hvordan tiltaket virker sammen med annet arbeid fylkeskommunen gjør for å øke antallet læreplasser. Rapporten sendes direktoratet innen 01.02.2019.

Vi forbeholder oss retten til å iverksette kontroll med at midlene er nyttet etter forutsetningene, jf. bevilgningsreglementet for staten § 10. Hvis midlene ikke er benyttet etter forutsetningene kan Utdanningsdirektoratet kreve hele eller deler av tildelingen tilbakebetalt.

Vennlig hilsen

Anne Katrine Kaels  
avdelingsdirektørKnut Maarud  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
Økonomiavdelingen  
KS